



Arkivsaknr: 2024/6954-9  
Sakshandsamar: Ingunn Øvretveit  
Avdeling: Stab - Helse og omsorg

## SAKSFRAMLEGG

Søknad om fornya salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 i tidsrommet 01.10.24 - 30.09.28 - Austmarka Mat AS

| Utvalssak | Utval             | Møtedato |
|-----------|-------------------|----------|
|           | Utval for levekår |          |

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Austmarka Mat AS – org.nr. 919076739 vert innvilga salsløyve for alkohol gruppe 1 i omsøkte lokalar - Bunnpris Austmarka, Søre Austmarka 9, 5938 Sæbøvågen.
2. Løyvet vert gjeldande i perioden frå 01.10.24 – 30.09.28
3. Styrar for løyvet: Christian Næss f. 14.11.75  
Avløysar for løyvet: Monica Sævdal Næss f. 09.08.75
4. Salstidene følgjer vedteken forskrift om sals-, skjenke- og opningstider for Alver kommune.
5. Løyvehavar pliktar å sende til Alver kommune oppgåve over faktisk omsett mengd alkohol innan 01. mars kvart år.
6. Løyvehavar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommunen som kan ha konsekvensar for dei vilkår som er sett i løyve.

Klagerett: Klagefrist er 3 veker etter mottatt melding om vedtak, jfr. Forvaltningslova § 29. Klageinstans er Statsforvaltaren i Vestland. Klage skal sendast til Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for levekår.

Saka gjeld

Søknad om fornying av salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 i perioden 2024- 2028

## Bakgrunn

Austmarka Mat AS har i søknad datert 10.06.24 søkt om fornying av salsløyvet for alkoholhaldig drikk gruppe 1 i tidsrommet 01.10.24 – 30.09.28 i lokalene til Bunnpris Austmarka, Søre Austmarke 9, 5938 Sæbøvågen. Christian Næss er styrar for salsløyvet og Monica Sævdal Næss er avløyssar. Opningstida er frå kl. 07.00 til kl. 22.00 måndag- fredag. Laurdag frå kl 09.00 – 20.00

## Vurdering

Alver kommune har løyveperiodar på inntil 4 år for sal og skjenking, med opphøyr seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltretr (Alkoholova §1- 6). Austmarka Mat AS søker løyve for ny periode.

Søknaden har vore til uttale hjå NAV Alver, politi og skatteetaten som ikkje har merknader til søknaden eller omsøkte personar.

Styrar og avløyssar for salsløyvet har bestått kunnskapsprøven i samsvar med alkoholova §1-7 c.

Alkoholova §1- 7b - krav til vandel og alkoholova §1-7 a kommunens skjønnsutøvelse ved behandling av søknad, kommunen sin alkoholpolitiske plan og Alver kommunes kommuneplan samfunnsdel 2022-2034 er lagt til grunn i vurdering av søknaden.

Kommunedirektøren si tilråding  
Søknaden vert tilrådd innvilga.